

## **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014**

**Stein Inge Ryssdal** sette på vegne av H, V, FRP fram forslag til vedtak.

Samferdselsutvalget ber om at fylkesrådmannen utarbeidar ein økonomisk analyse som viser inntektsbortfallet ved innføring av 1 sone for heile Hordaland og at denne blir lagt fram til Fylkesutvalet si handsaing av saka.

### **Røysting**

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til vedtak vart vedteke mot 1 røyst (A)

### **Vedtak**

Samferdselsutvalget ber om at fylkesrådmannen utarbeidar ein økonomisk analyse som viser inntektsbortfallet ved innføring av 1 sone for heile Hordaland og at denne blir lagt fram til Fylkesutvalet si handsaing av saka

**Pål Kårbø** sette fram forslag til nytt pkt.

Fylkestinget ynskjer ein liknande gjennomgong av sonestruktur for båtrutene.

**Anne-Line Innvær** sette på vegne av A, SV, SP, KRF fram forslag til nytt pkt.

Fylkestinget meiner at eins takst i Bergen også må gjelda toget på strekninga Arna-Bergen.

**Tom Skauge** sette fram oversendingsforslag.

SV ber om at taksten ikkje vert auka ved endring av sonestrukturen.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Pål Kårbø sitt forslag til nytt pkt vart samrøystes vedteke.

Anne Line Innvær sitt forslag til nytt pkt vart vedteke mot 7 røyster (H, FRP).

Tom Skauge sitt oversendingsforslag fekk 1 røyst og fall.

### **Innstilling**

1. Fylkestinget vedtek modell 2a som ny sonestruktur i Hordaland.
2. Ny sonestruktur vert innført frå 01.02.2015
3. Fylkestinget ynskjer ein liknande gjennomgong av sonestruktur for båtrutene.
4. Fylkestinget meiner at eins takst i Bergen også må gjelda toget på strekninga Arna-Bergen.

